


Finansutvalet 26.9.2018

Fylkeshuset, møterom Sygna, kl. 09.00

Dato

LEIKANGER, 18.09.2018

Budsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022 - Arbeidsdokument 3/18

Grunnlaget for dette arbeidsdokumentet er vedteken økonomiplan 2019 - 2022, jf. FT-sak 31/18. I tråd med vedtaket i denne saka vil budsjettprosessen no i haust ha hovudfokus på konkretisering av året/budsjettet for 2019.

Dette dokumentet har som mål å legge på plass mest mogleg av dei økonomiske føresetnadane for budsjett 2019, og gjere greie for den samla salderingssituasjonen før statsbudsjettet for 2019 vert lagt fram 8. oktober.

Hovudpunkta i dette arbeidsdokumentet er:

- Driftsbudsjettet – justering av basisrammene
- Innspel frå sektorane - budsjett 2019
- Investeringsplan 2019-2022
- Andre budsjett- og økonomirelaterte saker
- Salderingssituasjon før framlegg til statsbudsjett
- Vidare arbeid

1 DRIFTSBUDSJETTET
1.1 Verknader av tertialrapport 2/18

I tertialrapport 2/18, som går parallelt med denne saka, har fylkesrådmannen tilrådd endringar som vil påverke dei ulike sektorrammene for seinare år. Dette gjeld:

- Auka kostnadar knytt til regionreform
- Teknisk flytting av løyvingar som følgje av Kostra-tilpassing og administrative omorganiseringar
- Auka løyving til eleveksamen
- Auka løyving til lærlingtilskot
- Redusert løyving til privatisteksamen
- Redusert løyving til karriererettleiing
- Auka løyving til breibandsatsing

Dei økonomiske konsekvensane for dei ulike tenestene, samt den varige innsparinga, vert vist i tabellen nedanfor. For nærare grunngjeving av endringane vert det vist til tertialrapporten. Tala vil ev. bli justert i samsvar med endeleg vedtak i saka om tertialrapport 2/18.

Endringar som følgje av tertialrapport 2/18	2019	2020	2021	2022
4200 Administrasjon - auka adm. Kostnadar, regionreform	7,0			
4210 Bygg og eigedomsforvaltning - flytting av løyving	2,8	2,8	2,8	2,8
5100 Utgifter til lokale - flytting av løyving	-6,6	-6,6	-6,6	-6,6
5101 Vedlikehald og drift av skulebygg - flytting av løyving	1,1	1,1	1,1	1,1
5150 Forvaltning og fellesutgifter - flytting av løyving	-7,6	-7,6	-7,6	-7,6
5151 Fellesutgifter - flytting av løyving	4,6	4,6	4,6	4,6
5152 Eleveksamen - auka løyving	0,6	0,6	0,6	0,6

5200 Pedagogisk leing mv - flytting av løyving	2,9	2,9	2,9	2,9
5540 Fagskuleutdanning - flytting av løyving	-0,2	-0,2	-0,2	-0,2
5701 Opplæring i bedrift - auka løyving	2,5	2,5	2,5	2,5
5901 Privatisteksamen - redusert løyving	-0,6	-0,6	-0,6	-0,6
5903 Karriererettleing, redusert løyving	-0,2	-0,2	-0,2	-0,2
7011 Kommunikasjonsteknologi - auka løyving, breiband	1,4			
Bruk av fond	-8,5			
Varig innsparing	-0,6	-0,6	-0,6	-0,6

I tillegg er det i tertialrapporten tilrådd endringar i sektorrammene som følgje av lønsoppgjeret for 2018. Desse endringane er ikkje innarbeidde i tabellen overfor og er heller ikkje innarbeidd i dei sektorrammene som vert presentert i punkt 2. Dette vil bli gjort.

Tilråding

Dei økonomiske konsekvensane av tertialrapport 2/18 vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

1.2 Lokale inntekter

Nivået på lokale inntekter til driftsføremål er i økonomiplan 2019 – 2022 sett til 50 mill. kr pr. år. Som lokale inntekter reknar vi sal av konsesjonskraft og utbytte frå selskap. I tråd med budsjettføresetnadane vert utbytte frå SFE/Sogn og Fjordane Holding i sin heilheit avsett til bufferfondet og har såleis ikkje innverknad på driftsrammene.

Konsesjonskraft - prognose 2019–2022

Prognosen for økonomiplanperioden er basert på prisar og volum pr. 03. september 2018. Prisane på elektrisk kraft i 2018 har hatt ein sterk vekst for alle åra i planperioden. Men det er framleis slik at prisforventningane fram i tid er vesentleg lægre enn Markedskraft sine prognosar. Fylkesrådmannen har difor tilpassa sikringsgraden i høve si fullmakt – inntil 75 % avvik frå normalstrategien.

Ny prognose syner slike konsesjonskraftinntekter i økonomiplan 2019-2022:

	2019	2020	2021	2022
Ny prognose	70,0	60,0	60,0	62,0
Gjeldande økonomiplan	52,0	48,0	50,0	52,0
Endring	18,0	12,0	10,0	10,0

Inntekter utover fastsett «tak» i driftsbudsjettet - 50 mill. kr - vert saldert mot bufferfondet. Samla i økonomiplanperioden syner prognosen ei fondsavsetning på 52 mill. kr.

Utbytte

På SFE si generalforsamling 21.juni 2018 vart Sogn og Fjordane Holding AS (SFH) sin del av utbytte fastsett til 31 mill. kr. Utbyttet vert først utbetalt frå SFH til fylkeskommunen i 2019. Utbytte er i tråd med gjeldande økonomiplan og er avsett til bufferfondet.

Tilråding

Ny prognose for lokale inntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

1.3 Kapitalinntekter/-utgifter

I dette punktet presenterer fylkesrådmannen ein oppdatert prognose på kapitalinntekter- og utgifter i høve gjeldande økonomiplan.

Det har vore lite endringar i rentenivået sidan juni. I den oppdaterte prognosen er det berre mindre variasjonar innanfor dei enkelte åra i økonomiplanperioden. Følgjande renteføresetnader for lån og innskot vert no lagt til grunn:

	2019	2020	2021	2022
Lånerente	2,25 %	2,47 %	2,56 %	2,76 %
Innskotsrente	1,72 %	2,38 %	2,64 %	2,83 %

Ordinære renteinntekter

Det er lagt til grunn 600 mill. kr årleg i snittlikviditet. Ev. meir/mindreinntekter i høve dette vert i samsvar med gjeldande føresetnader saldert mot bufferfondet og skal nyttast til investeringsføremål. I berekningane vert også renter på unytta statsmidlar, t.d. KMD-midlar, tilført fond.

I tabellen under er rentene som vert avsett til bufferfond/investering, samt renter på unytta statsmidlar trekte ut, slik at det er renter til «generell finansiering» av driftsbudsjettet som ligg att. Ny prognose for renteinntektene vert:

	2019	2020	2021	2022
Ordinære renteinntekter, jf. gjeldande øk. plan	10,3	12,1	16,0	17,5
Ordinære renteinntekter, jf. nye føresetnader	10,3	14,3	15,9	17,0
Sum endring	0,0	2,2	-0,1	-0,5

Auken i renteinntektene i 2020 skuldast i hovudsak ein reknefeil som no vert korrigert.

Rentekompensasjon på investering i skulebygg og transporttiltak

Forventa rentekompensasjon for skulebygg vert nedjustert i høve gjeldande økonomiplan, i tråd med oppdatert prognose frå Husbanken. Vidare er det ikkje grunnlag for å endre prognosen knytt til rentekompensasjon for transporttiltak.

Ny prognose for rentekompensasjon for skulebygg vert vist i tabell under:

	2019	2020	2021	2022
Rentekomp. for skulebygg, jf. gjeldande øk.plan	1,2	1,0	0,9	0,9
Rentekomp. for skulebygg, jf. nye føresetnader	1,0	0,9	0,8	0,7
Sum endring	-0,2	-0,1	-0,1	-0,2

Kapitalutgifter

Den årlege kapitalkostnaden i økonomiplanen vert påverka av endringar i investeringsprogrammet, samt endringar i renteføresetnadane. Oppdatert prognose syner no ein reduksjon i dei årlege kapitalutgiftene. Reduksjonen skuldast i hovudsak forskyving av ferjeavløysingsprosjektet Ytre Steinsund bru. I tillegg er samla låneopptak for investeringane elles skyvd noko i tid.

Dei økonomiske konsekvensane som følgje av dette vert vist i tabellen under:

	2019	2020	2021	2022
Kapitalutgifter, jf. gjeldande øk. plan	146,3	161,6	186,5	218,5
Kapitalutgifter, etter nye føresetnader	143,1	153,8	168,6	199,8
Sum endring	-3,2	-7,8	-17,9	-18,7

Tilråding

Ny prognose for ordinære renteinntekter, rentekompensasjon og kapitalutgifter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

2 INNSPEL FRÅ SEKTORANE

I dette punktet vert innspela frå sektorane utan hovudutval (tannhelsetenesta og politisk styring, plan og forvaltning) presenterte. Hovudutvalssakene følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg.

2.1 HU-sakene – tilpassing til rammene i 2019

Hovudutvalssakene skal konkretisere detaljbudsjettet for sektorane i 2019. I tillegg vert ev. eksterne søknader vurderte. Fylkesrådmannen har tilpassa det økonomiske opplegget på sektornivå i høve tilrådingane i hovudutvalssakene. I den grad det er gjort tilrådingar som påverkar rammene til den enkelte sektor, er det eksplisitt omtala i dette arbeidsdokumentet. For nærare gjennomgang av tilrådingane vert det vist til dei respektive saksframstillingane til hovudutvala. Desse følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 1-3. Hovudutvala sine vedtak i sakene vert lagt fram i finansutvalsmøtet.

Tilråding

Tilrådingane til hovudutvala vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

2.2 Tannhelse – tilpassing til rammene i 2019

Ramma til tannhelsesektoren er på 81,6 mill. kr i 2019. Grunna forseinkingar i framdrifta i høve ny klinikk- og tenestestruktur, jf. FT-sak 25/16, har sektoren eit uspesifisert innsparingskrav på om lag 1 mill. kr årleg som no vert tilrådd løyst.

Nye innsparingstiltak årleg frå 2019:

Programområde 660 Fellesfunksjonar

Reduserte fellesutgifter

Reduserte fellesutgifter i samband med nedlegging av tannklinikkar. Samla innsparing 0,490 mill. kr.

Programområde 665 Pasientbehandling

Rekruttering og stabiliseringstiltak tannlegar

Ordninga med at tannlegar med barn i barnehagealder har rett til redusert arbeidstid med full løn er teke vekk. Ytterlegare innsparing frå 2019 knytt til dette tiltaket er 0,085 mill. kr.

Provisjon

Det er ikkje inngått avtale om provisjon for tannlegar tilsett etter 1. januar 2018. Samla innsparing knytt til dette tiltaket er 0,380 mill. kr.

Nye innsparingstiltak i 2019 vert oppsummert i følgjande tabell:

Innsparingstiltak 2019	mill. kr
<u>Programområde 660 – fellesfunksjonar</u>	
Reduserte fellesutgifter	0,490
<u>Programområde 665 –pasientbehandling</u>	
Rekruttering og stabiliseringstiltak tannlegar	0,085
Provisjon	0,380
Innsparing totalt	0,955

Når desse innsparingstiltaka no vert effektuert frå 2019, har tannhelsesektoren gjennomført ein rammereduksjon på til saman 11 mill. kr som føreset i saka om ny klinikk- og tenestestruktur.

Det vert vidare tilrådd ei omprioritering knytt til lønsmidlar på 0,330 mill. kr frå teneste 6650 pasientbehandling til teneste 6600 fellesfunksjonar.

Fordelinga av sektorramma på programområde vert etter dette slik:

	2019	2020	2021	2022
660 Tannhelse - fellesfunksjonar	17,2	17,2	17,2	17,2
665 Tannhelse - pasientbehandling	64,4	64,4	64,4	64,4
Sum	81,6	81,6	81,6	81,6

Fylkesrådmannen har vurdert den delen av målekartet som gjeld tannhelsesektoren. Det vert tilrådd at målekartet for 2018 vert vidareført for 2019.

Tilråding

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for tannhelsesektoren til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Tannhelse sin del av målekart 2018 vert vidareført til 2019.

2.3 Politisk styring, plan og forvaltning – tilpassing til rammene i 2019

Tilpassing til budsjett 2019 for sektoren politisk styring, plan og forvaltning har som utgangspunkt ei økonomisk ramme på 184,6 mill. kr med tilhøyrande fordeling på programområdenivå som i FT-sak 31/18 - Økonomiplan 2019-2022.

Som følgje av tilrådingar i tertialrapport 2/18 vert ramma auka med 9,8 mill. kr i 2019 og 2,8 mill. kr frå 2020.

Under vert det kommentert og tilrådd ytterlegare endringar/tilpassingar:

Teneste 4205 Interne støtteiningar

Frå 2019 ligg det inne eit årleg innsparingskrav på 0,7 mill. kr som det no viser seg vert vanskeleg å få effektuert i 2019. Tenesta har tidlegare år avsett midlar på disposisjonsfond på om lag 0,5 mill. kr som var tenkt nytta i samband med dette innsparingskravet. Fylkesrådmannen vil difor no tilrå å nytte desse fondsmidlane, og budsjettet på tenesta vert tilrådd auka med 0,5 mill. kr i 2019.

Teneste 4210 Bygg og eigedomsforvaltning

Som ein konsekvens av nye reinhaldsplanar vert 0,4 mill. kr flytt frå opplæringssektoren, teneste 5100 utgifter til lokale, til denne tenesta.

I tillegg til desse to endringane vert det tilrådd ein omprioritering på 0,4 mill. kr frå teneste 4300 administrasjonslokale til teneste 4200 administrasjon.

Ut frå dette vert den økonomiske ramma for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022 på sektoren fordelt slik:

Programområde	2019	2020	2021	2022
400 Politisk styring	48,7	48,0	48,7	48,0
410 Kontrollutval	4,8	4,8	4,8	4,8
420 Administrasjon	93,5	81,7	81,7	81,7
421 Forvaltningsutg i eigedomsforvaltning	13,4	13,4	13,4	13,4
430 Administrasjonslokale	6,8	6,8	6,8	6,8
460 Tenester utanom ord. FK ansvarsområde	3,5	0,5	0,5	0,5
480 Diverse fellesutgifter	6,1	6,1	6,1	6,1
715 Lokale og regional utvikling	18,6	16,6	16,6	16,6
Sum forvaltning	195,3	177,9	178,6	177,9

Fylkesrådmannen har vurdert den delen av målekartet som gjeld medarbeidar og organisasjon og den delen som omhandlar plan. Fylkesrådmannen legg opp til at målekartet som gjeld medarbeidar og organisasjon i 2018 vert vidareført for 2019. I målekartet for plan er det lagt til eit punkt som omhandlar klimaarbeid. Målekartet for plan i 2019 vert endra i samsvar med vedlegg 4.

Tilråding

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for sektoren politisk styring, plan og forvaltning til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022. Som ein konsekvens av dette vert ramma til sektoren auka med 0,9 mill. kr i 2019 og med 0,4 mill. kr frå 2020. Målekart knytt til medarbeidar og organisasjon for 2018 vert vidareført til 2019. Målekart for plan i 2019 vert slik det ligg føre i vedlegg 4.

3 INVESTERINGSPLAN 2019-2022

I dette punktet vil fylkesrådmannen presentere framlegg til investeringsprogram for 2019-2022. Fylkestinget har fastsett førebelse investeringsrammer i økonomiplan 2019-2022. Prosjekta som vert presentert under har dei vedtekte økonomiplanrammene som utgangspunkt.

3.1 Investeringsprogram for fylkesveg

I tertialrapport 2/18, som går parallelt med denne saka, har fylkesrådmannen tilrådd endringar/ forskyvingar som vil påverke investeringsprogrammet for seinare år. I tillegg er det gjort endringar i årsfordelinga på enkelte andre prosjekt som følgje av oppdaterte vurderingar knytt til framdrift. Desse justeringane påverkar ikkje den samla kostnaden i prosjekta. Dette gjeld følgjande prosjekt:

- Fv. 698 Blaksetunellen
- Fv. 303 Seimsdalstunellen
- Førdepakken
- Fv. 614 Breivika – Svelgen (gang- og sykkelveg)
- Fv. 633 Kleiva (skredsikring)
- Fv. 722 Flovegen (skredsikring)
- Grunnerverv m.v. for avslutta skredsikringsprosjekt

I tillegg er det gjort nye vurderingar på enkelte andre prosjekt. Nedanfor følgjer ein kort omtale av desse vurderingane og dei økonomiske konsekvensane i høve gjeldande investeringsprogram.

Store prosjekt:

Fv. 606 Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru: Fordeling av løyvinga pr. år er endra på bakgrunn oppdaterte vurderingar om framdrift. Det er lagt inn 5 mill. kr til prosjektering og førebuande arbeid i 2019.

Samferdsledepartementet har i brev datert 13.09.2018 godkjent prosjektet som ferjeavløysingsprosjekt. Vi har framleis ikkje fått fastsett berekning av ferjeavløysingsmidlane og lengde på utbetalingsperioden frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Fylkesrådmannen var i kontakt med KMD den 5. september, og det vart opplyst at dette har teke noko tid m.a. grunna oppmodingsvedtaket frå Stortinget si handsaming av Kommuneproposisjonen 2019. Dersom Stortinget gjer vedtak om endring i ordninga i tråd med oppmodingsvedtaket, kan dette få konsekvensar for lengda på utbetalingsperioden.

Ut frå retningslinjene for ferjeavløysingsordninga må KMD si behandling av søknaden føreligge før fylkestinget kan gjere endeleg vedtak om prosjektet. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til dette så snart det føreligg formelt svar frå KMD.

Mindre utbetringar:

- Vevring bru II/ Ufordelt løyving brutiltak: Prosjektet i Vevring hadde ei løyving på 5 mill. kr i 2019 og 10 mill. kr i 2020. Eksisterande bru er no i 2018 blitt utbetra, slik at det ikkje er kritisk med ny bru. Tiltaket vert difor tilrådd teke ut av investeringsprogrammet.

Løyvinga til Vevring bru II på 15 mill. kr er førebels vidareført som «Brutiltak – ufordelt». Det er eit stort behov for oppgradering av bruer og Statens vegvesen må gjere ei nærmare vurdering av aktuelle bru-prosjekt som kan utførast i 2019/2020. Det føreligg fleire aktuelle bruer innanfor kostnadsrammer på 10-30 mill. kr. Fylkesrådmannen vil kome attende til denne løyvinga, og ei ev. konkretisering av denne, når Statens vegvesen har gjort sine vurderingar. Eit anna alternativ er å sjå denne løyvinga i samheng med løyvinga til gang- og sykkelvegprosjektet fv. 607 Heggebø – Leirvik, jf. omtalen under.

- Fv. 618 Barmen – Barmsund: Løyvinga er redusert frå 2 mill. kr til 1 mill. kr grunna endra prognosar i prosjektet.
- Tiltak for framkome og trafikktryggleik: Det er sett av 15 mill. kr årleg i åra 2018-2021. Ved rullering av økonomiplanen for 2022 vart denne sekkeposten ved ein feil ikkje vidareført. Dette vert no retta opp med at det vert lagt inn ei løyving 15 mill. kr i 2022.

Det er ønskeleg å fastsette prioritering av midlane i samband med budsjett 2019 for å kunne kome tidleg i gang med arbeidet rett over nyttår. Ved handsaminga av RTP i desember 2017 vart det vedteke at prosjekt knytt til fv. 724 Oldedalen og fv. 615 Hyen – Storebru skulle vurderast innafor denne løyvinga. Det vert tilrådd følgjande prioritering av desse midlane i 2019 og 2020:

Tiltak	2019	2020
Fv. 241 Møteplassar Bakka i Aurland	0,4	
Fv. 724 Oldedalen, mindre punkttiltak	3,0	
Fv. 615 Hyen-Storebru, mindre punkttiltak	3,0	7,0
Fv. 55 Utviding av veg Fortun for å på plass til oppsett av rekkverk	8,5	1,5
Fv. 152 Bom og snuplass, Moldeskreda	0,1	
Fv. 53 Holsbru – omlegging av veg		5,0
Førebels ufordelt		1,5
Sum	15,0	15,0

Fv. 53 Holsbru er blitt prioritert då dette er eit tiltak som kan gjennomførast med ein kostnad på 5 mill. kr dersom dette vert utført samstundes med skredsikringsprosjektet fv. 53 Ljoteli. Vinsten er knytt til at vi kan plassere massar frå Ljoteli i veglinja for Holsbru. Dersom Holsbru skal byggjast seinare, vil dette koste om lag 25 mill. kr. Reguleringsplan for Holsbru er under utarbeiding, og er finansiert med tilskott frå Årdal kommune.

Gang- og sykkelveggar:

Fv. 607 Heggebø – Leirvik (Hyllestad): Prosjektet har ei løyving på 15 mill. kr i 2019. Statens vegvesen melder om eit førebels kostnadsoverslag på 32 mill. kr. Dette har fylkesrådmannen stilt spørsmål ved, og Statens vegvesen har fått i oppdrag å vurdere kva som kan utførast innanfor gjeldande løyving på 15 mill. kr. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til dette når vi har fått ei ny vurdering frå Statens vegvesen.

Som nemnt over kan det kan bli aktuelt å sjå løyvinga til dette prosjektet i samanheng med ufordelt løyving til brutiltak.

Trafikktryggingstiltak:

Løyvinga i 2019 vil gå til busslomme Nordalsfjord (Strømsneskrysset) og til rekkverkstiltak.

Planlegging og prosjektering:

Løyvinga er auka med 1 mill. kr i 2019 for å ta høgde for tidlegare oppstart av arbeidet med reguleringsplan for Atløysambandet. Tilsvarande er løyvinga redusert med 1 mill. kr i 2021.

Skredsikring:

Det er sett av 20 mill. kr årleg til mindre skredsikringstiltak i perioden 2019-2022. Fylkesrådmannen tilrår å nytte 33 mill. kr til dette i 2019. For å halde samla ramme i perioden vert løyvinga til mindre skredsikringstiltak i 2022 redusert med 13 mill. kr. Desse prosjekta med høg skredfaktor er prioritert i 2019:

- Fv. 241 Nautgrovi i Aurland, 3 mill. kr: Det er no semje med kommunen om kva tiltak som vert sett i verk og det er planlagt at det skal byggjast skredovervaking (geofonanlegg). Prosjektet hadde ei løyving i 2017, men denne vart trekt inn grunna usemje med kommunen.
- Fv. 691 Åstrandha i Gloppen, 30 mill. kr: Strekninga er utsett for snø- og sørpeskred. Det er planlagt å bygge to rasvollar og prosjektet bør gjennomførast i løpet av ein sommarsesong.

Framlegg til investeringsprogram med tilhørende finansieringsprogram vert etter dette slik:

INVESTERINGSPROGRAM (faste -2018-kr)	SUM I PERIODEN	2019	2020	2021	2022
Store prosjekt	2 385,7	157,7	505,0	908,7	814,3
Fv. 60 Uгла-Skarstein	5,1	5,1			
Fv. 698 Blaksetunnelen	227,1	80,0	80,0	67,1	
Fv. 303 Seimdsdalstunnelen	271,3	10,0	132,8	118,5	10,0
Avviksfond tunnel	50,0			50,0	
Førdepakken - fylkesvegprosjekt	634,2	57,6	137,2	243,1	196,3
Fv. 606 Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	770,0	5,0	140,0	280,0	345,0
Fv. 614 Svelgen - Indrehus	428,0		15,0	150,0	263,0
Mindre utbetringar	276,3	34,0	145,0	82,3	15,0
Tiltak for framkome og tryggleik	31,5		1,5	15,0	15,0
Brutiltak - ufordelt	15,0	5,0	10,0		
Fv. 624 Husevågøy ferjekai	18,0	3,0	15,0		
Fv. 577 Øvrebotn bru I og II (Bremanger)	5,0	5,0			
Fv. 618 Barmen - Barmsund (ferjekai)	1,0	1,0			
Fv. 611 Sæle - Engebø	117,3		50,0	67,3	
Fv. 57 Dale-Storehaug	60,0	5,0	55,0		
Fv. 53 Holsbru	5,0		5,0		
Fv. 241 Møteplassar Bakka i Aurland		0,4			
Fv. 724 Oldedalen, mindre punkttiltak		3,0			
Fv. 615 Hyen-Storebru, mindre punkttiltak		3,0	7,0		
Fv. 55 Utviding Fortun		8,5	1,5		
Fv. 152 Bom og snuplass, Moldeskreda		0,1			
Gang- og sykkelvegar	89,2	42,3	39,3	6,3	1,3
Fv. 548 Brandsøyvegen (tilskot)	5,2	1,3	1,3	1,3	1,3
Fv. 614 Breivika - Svelgen (Bremanger)	44,0	16,0	23,0	5,0	
Fv. 607 Heggebø - Leirvik (Hyllestad)	15,0	15,0			
Fv. 548 Brandsøy - Solheim (delprosjekt)	25,0	10,0	15,0		
Trafikktryggingstiltak	52,0	13,0	13,0	13,0	13,0
Planlegging og prosjektering	28,0	8,0	7,0	6,0	7,0
Kollektivtrafikktiltak	4,0	1,0	1,0	1,0	1,0
Skredsikring	1 331,0	210,9	350,5	440,5	329,1
Fv. 633 Tunnel Kleiva	30,5	30,5			
Fv. 722 Flovegen	614,1	133,5	180,0	170,0	130,6
Fv. 53 Ljoteli	335,0	10,0	150,0	150,0	25,0
Fv. 241 Nautgrovi	3,0	3,0			
Fv. 691 Åstranda i gloppen	30,0	30,0			
Prosjektering mindre tiltak	2,0	0,5	0,5	0,5	0,5
Mindre skredsikringstiltak - ufordelt	47,0		20,0	20,0	7,0
Fv. 55 Kjenes	266,0			100,0	166,0
Grunnerverv m.v. for avslutta skredsikringsprosjekt	3,4	3,4			
SUM INVESTERING	4 166,2	466,9	1 060,8	1 457,8	1 180,7

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2019	2020	2021	2022
Mva. kompensasjon	401,6	35,5	104,5	141,9	119,7
Fondsmidler	635,7	162,9	254,1	218,7	
Lånemidler	1 123,7		194,5	393,6	535,6
Førdepakken - bompengar	397,2	7,5	84,1	170,8	134,8
Førdepakken - mva. refusjon	112,8	10,8	24,8	44,0	33,2
Førdepakken - (lånemidler)	124,3	39,4	28,3	28,3	28,3
Anleggsbidrag Sæle - Engebø	40,0		20,0	20,0	
Statleg tilskott - skredsikring	1 084,8	171,9	285,7	359,0	268,2
Mva. kompensasjon - skredsikring	246,2	39,0	64,8	81,5	60,9
SUM FINANSIERING	4 166,2	466,9	1 060,8	1 457,8	1 180,7

Tilråding

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for fylkesveg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

3.2 Bygg

I tertialrapport 2/18, som går parallelt med denne saka, har fylkesrådmannen tilrådd endringar/ forskyvingar som vil påverke investeringsprogrammet for seinare år. I tillegg er det gjort endringar i årsfordelinga på enkelte andre prosjekt som følgje av oppdaterte vurderingar knytt til framdrift. Disse justeringane påverkar ikkje den samla kostnaden i prosjekta. Dette gjeld følgjande prosjekt:

- OR100 Tiltak gåande og syklende – ufordelt
- OR200 Sikringstiltak, brannvern mv
- NY103 Høyanger vgs – ombygging
- NY121 Mo og Øyrane – nytt verkstadbygg
- NY224 Sogndal vgs - byggesteg II
- NY229 Mo og Øyrane vgs – ridehall
- NY232 Mo og Øyrane – vassforsyning Mo
- TA300 Oppgraderingar av tannklinikkar
- KU004 Kulturminne
- Løyvingar til nye prosjekt – ufordelt

Vidare følgjer ein kort omtale av nokre andre mindre justeringar i investeringsprogrammet, samt ein kort status på framdrifta for nye prosjekt.

EK001 Eigenkapitalinnskott KLP

Som medeigar i KLP må fylkeskommunen bidra med eit årleg eigenkapitalinnskott. Budsjettløyvinga har vore fast på 2 mill. kr årleg. Det viser seg at dette nivået er for lågt. Fylkesrådmannen har oppjustert den årlege løyvinga til 2,6 mill. kr, i tråd med nivået for 2018. Då denne investeringa vert definert som eit aksjekjøp, som ikkje kan finansierast ved lån, vert driftsmidler til investering auka tilsvarande.

IT200 Digitale klasserom

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 13 mill. kr. I tertialrapport 2/18 er ei løyving på 7,5 mill. kr lagt inn i investeringsprogrammet for 2018. Den resterande løyvinga, 5,5 mill. kr, er no lagt inn i 2019.

OR100 Tiltak gåande og syklende – ufordelt

Fylkesrådmannen har no gjort ei justering av dei årlege løyvingane i tråd med føresett kapasitet innanfor desse tiltaka.

Nye prosjekt – ikkje fordelt pr. år

Nivået på dei samla årlege løyvingane til nye prosjekt, er oppdatert i tråd med forventta framdrift for prosjekta. Løyvingane vert framleis presentert i ein årleg pott, då det enno er for tidleg å kome

med presise kostnadsoverslag. For nokre av prosjekta er det forventa at investeringane vil gje innsparingar i driftsbudsjettet, m.a. reduserte kostnader til husleige. Fylkesrådmannen gjer merksam på at innsparingane/tiltaka som er føresett i driftsbudsjettet ikkje er tekne inn. Desse føresetnadane vert tekne inn når prosjekt og kostnadsoverslag er klare.

Som nemnt er det framleis stor uvisse knytt til kostnadsrammene. Det vert arbeidd med å avklare dei ulike føresetnadane, slik at det etter kvart kan presenterast meir realistiske kostnadsrammer for prosjekta. Fylkesrådmannen legg opp til at løyvingar knytt til dei store utviklingsprosjekta kan konkretiserast i løpet av hausten 2018. Det vert under kort gjort greie for viktige avklaringar/moment ved nokre av dei store utviklingsprosjekta:

Nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde

Programmering av areal pågår, og endeleg rom- og funksjonsprogram skal etter planen være klart i løpet av desember 2018. Det vert lagt opp til handsaming av programmet i hovudutval for opplæring i februar 2019.

Utifrå signal frå Førde kommune vert områdeplanen lagt ut til offentleg høyring i løpet av oktober 2018, med planlagt politisk handsaming og vedtak i februar 2019. Det vert vidare rekna med at sak om sal av Hafstad vgs kan leggast fram for fylkestinget i april 2019.

Sogndal vgs avd. Kaupanger/Vitensenter

Programmering av areal pågår, og endeleg rom- og funksjonsprogram skal etter planen være klart i oktober 2018. Arbeidet med reviderte kalkylar med grunnlag i rom-/funksjons-programmet skal deretter konkretiserast.

Flora idrettssenter

Tingingar omkring vilkår for overtaking og framtidige leigeavtalar er avklart. Det vert vist til eiga sak til fylkesutvalet 26.09.18.

For ytterlegare omtale av byggeprosjekta i utviklingsfase vert det vist til vedlegg 5. Dette notatet vart også lagt ved FT-sak 31/18 Økonomiplan 2019-2022 i juni.

Framlegg til investeringsprogram med tilhøyrande finansieringsprogram vert etter dette slik:

INVESTERINGSPROGRAM (faste 2018-kr)	SUM I PERIODEN	2019	2020	2021	2022
Forvaltning	31,4	11,6	6,6	6,6	6,6
IT001 IKT-investeringar	16,0	4,0	4,0	4,0	4,0
O2M01 "Miljøprosjekt" - ufordelt	5,0	5,0			
EK001 Eigenkapitalinnskott KLP	10,4	2,6	2,6	2,6	2,6
Opplæring	458,6	293,1	81,7	42,4	41,4
OR100 Tiltak gåande og syklande- ufordelt	39,0	10,5	10,5	9,5	8,5
OR200 Ombygging/rehabilitering/Sikring/Brann	81,0	21,0	20,0	20,0	20,0
IU200 Utstyr	26,0	6,5	6,5	6,5	6,5
PC002 PC-ordninga	25,6	6,4	6,4	6,4	6,4
IT 200 Digitale klasserom	5,5	5,5			
NY103 Høyanger vgs - ombyg.	7,5	7,5			
NY121 Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	48,9	30,4	18,5		
NY224 Sogndal vgs - byggesteg II	13,0	13,0			
NY227 Måløy vgs - rehab. av blokk B og C	67,8	49,3	18,5		
NY228 Eid vgs - tilbygg	1,5	1,5			
NY229 Mo og Øyrane vgs - ridehall	16,5	16,5			
NY232 Mo og Øyrane - vassforsyning MO	1,4		1,4		
OF100 Nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs	125,0	125,0			
Tannhelse	19,0	7,0	4,0	4,0	4,0
TA300 Oppgradering av tannklinikkar	19,0	7,0	4,0	4,0	4,0
Kultur	87,8	20,3	37,5	30,0	0,0

KU002 Fellesmagasin for musea	87,5	20,0	37,5	30,0	
KU004 Kulturminne	0,3	0,3			
Nye prosjekt - ikkje fordelt pr. år	1089,0	159,5	340,5	290,0	299,0
SUM INVESTERING	1685,8	491,5	470,3	373,0	351,0

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2019	2020	2021	2022
Mva-kompensasjon	351,5	86,6	122,7	73,3	68,9
Driftsmidler	10,4	2,6	2,6	2,6	2,6
Aktivitetsfond investeringar	0,0				
Div ubundne fond	692,5	207,8	279,9	204,8	
Andre tilskot	11,6	2,9	2,9	2,9	2,9
Tilskot Gulatinget	47,5			47,5	
Unyttå lånemidler tidlegare år	25,0	25,0			
Lånemidler	547,3	166,6	62,2	41,9	276,6
SUM FINANSIERING	1685,8	491,5	470,3	373,0	351,0

Tilråding

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for bygg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

4 ANDRE SAKER

4.1 Kontrollutvalet – framlegg til budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022

Kontrollutvalet har i sak 41/18 vedteke framlegg til budsjett 2019 /økonomiplan 2019-2022 for kontrollorgana. Saksframstilling og saksprotokoll følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 6. Framlegget er vedteke innafør gjeldande ramme.

Kontrollutvalet sitt framlegg vil følgje som vedlegg i sak om budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022, jf. § 18 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding

Finansutvalet tek framlegg til budsjett 2019/økonomiplan 2018-2022 for kontrollutvala til vitande.

4.2 Innspel til nytt inntektssystem - oppfølging

I arbeidsdokument 1/18 orienterte fylkesrådmannen om at Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) arbeider med å utarbeide eit nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020. Det vart vidare skissert ein prosess for å utarbeide eit felles innspel med Hordaland fylkeskommune (HFK), samt aktuelle moment i høve nytt inntektssystem.

Finansutvalet slutta seg til tilrådd prosess. Frå administrativ side i HFK vart det respondert positivt på å utarbeide eit felles innspel. Fylkesrådmannen har i løpet av våren utarbeida forslag og diskutert dette med HFK. Resultatet har diverre vorte at vi ikkje har klart å komme fram til eit innspel som begge fylkeskommunane kan vere samde i.

Fylkesrådmannen har vurdert det slik at utan eit felles innspel med HFK er det ikkje føremålstenleg å sende eit innspel frå vår fylkeskommune.

KMD har varsla at fylkeskommunane skal involverast i arbeidet med inntektssystemet. I staden for å vere i forkant - som var tanken bak eit felles innspel – legg fylkesrådmannen opp til å vurdere ev. innspel i samband med KMD sin prosess.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa til vitande.

5 SALDERING

5.1 Tilbakeføring av sluttsaldering i økonomiplan 2019-2022

I tråd med vanleg praksis vart økonomiplan 2019-2022 teknisk saldert mot fond. For å få eit rett bilete av salderingssituasjonen må denne sluttsalderinga no reverserast. Salderinga innebar eit underskot for alle år, dvs. bruk av fond, 8,2 mill. kr i 2019 aukande til 64,0 mill. kr i 2022.

5.2 Førebels salderingsskisse

	2019	2020	2021	2022
Balanse etter FT-sak 31/18 Økonomiplan 2019-22	0,0	0,0	0,0	0,0
Vurderingar i arbeidsdokument 3				
Reversering av sluttsaldering av økonomiplan 2019-22	8,2	26,8	50,4	64,0
<u>Verknadar av T 2/18</u>				
Forvaltning - auka løyving i høve regionreform	7,0			
Opplæring - redusert løyving T 5100 Utgifter til lokale	-2,9	-2,9	-2,9	-2,9
Opplæring - auka løyving til T 5152 Eleveksamen	0,6	0,6	0,6	0,6
Opplæring - auka løyving til T 5701 Opplæring i bedrift	2,5	2,5	2,5	2,5
Opplæring - redusert løyving T 5901 Privatisteksamen	-0,6	-0,6	-0,6	-0,6
Opplæring - redusert løyving T 5903 Karriererettleiing	-0,2	-0,2	-0,2	-0,2
NKA - auka løyving til T 7011 kommunikasjonsteknologi	1,4			
Bruk av disposisjonsfond	-8,5			
<u>Andre rammejusteringar</u>				
Lokale inntekter - endring i prognose	-18,0	-12,0	-10,0	-10,0
Lokale inntekter - endring i avsetjing til fond	18,0	12,0	10,0	10,0
Renteinntekter - endring i prognose		-2,2	0,1	0,5
Rentekompensasjon - endring i prognose	0,2	0,1	0,1	0,2
kapitalutgifter	-3,2	-7,8	-17,9	-18,7
Forvaltning - auka løyving til T 4205	0,5			
Bruk av disposisjonsfond	-0,5			
Forvaltning - auka løyving til T 4210 - teknisk flytting	0,4	0,4	0,4	0,4
Driftsmidlar til investering - auka løyving knytt til aksjekjøp KLP	0,6	0,6	0,6	0,6
Ubalanse etter a-dok 3:	5,6	17,3	33,1	46,4

Førebels salderingsskisse syner eit underskot for alle år i økonomiplanperioden på til saman 102,4 mill. kr. Underskotet er som følgje av tilrådde endringar i dette arbeidsdokumentet blitt redusert med samla 47 mill. kr. Hovudårsaka til dette er reduserte kapitalutgifter som følgje av forskyving i planlagde investeringar. Det er framleis ein føresetnad i budsjettet om auka tapskompensasjon i 2019. Viss denne føresetnaden ikkje vert innfridd, vil underskotet auke årleg med 12,6 mill. kr.

Det er lagt opp til eit investeringsprogram med mange usikre kostnadsoverslag p.t. I denne samanhengen er det viktig å presisere at dei avsettingane som vert gjort for å møte ev. kostnadsaukar ikkje vert endra. Det betyr igjen at sektorbudsjetta ikkje kan aukast med nye tiltak då det ikkje er økonomisk handlingsrom til dette.

6 VIDARE ARBEID

Statsbudsjettet vert i år lagt fram måndag 8. oktober. Neste møte i finansutvalet er sett til 18. oktober. I dette møtet vert verknadar frå statsbudsjettet presentert. Fylkesrådmannen har ikkje p.t. konkludert om det i forkant av møtet vert sendt ut eit arbeidsdokument eller om informasjonen kjem i møtet i form av ein presentasjon. I tilfelle valet vert å utarbeide eit arbeidsdokument, vert dette, av tidsomsyn, lagt fram rett i forkant av møtet.

Deretter har finansutvalet møte den 2.november – då skal finansutvalet etter planen vedta samla salderingsopplegg for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022. Fylkesrådmannen skal, med bakgrunn i det føreliggande materialet, utforme tilhøyrande tekstdokument før finansutvalet sitt framlegg vert lagt fram for ordinær politisk slutthandsaming slik:

19. november: Politikardag
20. november: Hovudutvala
21. november: Fylkesutvalet
4.-5. desember: Fylkestinget

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Astrid Lernes
økonomisjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Saksframlegg – Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 – sektorbudsjett for opplæring
2. Saksframlegg – Budsjett 2019/økonomiplan 2020-2022 – næring og kultur
3. Saksframlegg – Budsjett 2019 – økonomiplan 2019-2022 Samferdsle
4. Framlegg til målekart for plan 2019
5. Notat – Status byggeprosjekt
6. Saksframstilling og saksprotokoll - Kontrollutvalet – Budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022

Kopi til:
Fylkestinget
Fylkesrådmannen si leiargruppe

TILRÅDDE VEDTAK I ARBEIDSDOKUMENT 3/18

1 DRIFTSBUDSJETTET

1.1 Verknader av tertialrapport 2/18

Tilråding

Dei økonomiske konsekvensane av tertialrapport 2/18 vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

1.2 Lokale inntekter

Tilråding

Ny prognose for lokale inntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

1.3 Kapitalinntekter/-utgifter

Tilråding

Ny prognose for ordinære renteinntekter, rentekompensasjon og kapitalutgifter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

2 INNSPEL FRÅ SEKTORANE

2.1 HU-sakene – tilpassing til rammene i 2019

Tilråding

Tilrådingane til hovudutvala vert lagt til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

2.2 Tannhelse – tilpassing til rammene i 2019

Tilråding

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for tannhelsesektoren til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Tannhelse sin del av målekart 2018 vert vidareført til 2019.

2.3 Politisk styring, plan og forvaltning – tilpassing til rammene i 2019

Tilråding

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for sektoren politisk styring, plan og forvaltning til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022. Som ein konsekvens av dette vert ramma til sektoren auka med 0,9 mill. kr i 2019 og med 0,4 mill. kr frå 2020.

Målekartet knytt til medarbeidar og organisasjon for 2018 vert vidareført til 2019. Målekart for plan i 2019 vert slik det ligg føre i vedlegg 4.

3 INVESTERINGSPLAN 2019-2022

3.1 Investeringsprogram for fylkesveg

Tilråding

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for fylkesveg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

3.2 Bygg

Tilråding

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for bygg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

4 ANDRE SAKER

4.1 Kontrollutvalet – framlegg til budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022

Tilråding

Finansutvalet tek framlegg til budsjett 2019/økonomiplan 2018-2022 for kontrollutvala til vitande.

4.2 Innspel til nytt inntektssystem - oppfølging

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa til vitande.